



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 21 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 21. november 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2014 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Endringsforslag

Kap. 821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Formålet med integreringstilskotet er å medverke til rask busetjing. Integreringstilskotet skal dekke dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid.

Behovet i 2014 blir anslått å gå ned med 26,0 mill. kroner samanlikna med Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som utløyser tilskot for år 2 til 5.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 821, post 60 med 26,0 mill. kroner.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Kommunar som buset einslege, mindreårige flyktningar mottek eit særskilt tilskot. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integreringstilskotet.

Behovet i 2014 blir anslått å gå ned med 20,6 mill. kroner samanlikna med Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er at det er færre enn tidlegare antatt i målgruppa for tilskotet i 2014.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 821, post 61 med 20,6 mill. kroner.

Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Inntektene på posten blir anslått å gå ned med 8,4 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på overføringsflyktningar som kjem i 2014.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 3821, post 01 med 8,4 mill. kroner.

Post 02 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Inntektene på posten blir anslått å auke med 1,2 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein auke i prognosen for einslege mindreårige som blir busett i 2014.

BLD føreslår å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner.

Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Post 22 Prøver i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Formålet med løyvinga er gode prøver i norsk og samfunnskunnskap og ei effektiv gjennomføring av prøvene.

Behovet på posten blir anslått å auke med 0,9 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er at Vox, nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk, har hatt utgifter til sensur av skriftlege prøver for privatistar som ikkje har vore inkludert i budsjettberekningane.

BLD føreslår å auke løyvinga på kap. 822, post 22 med 0,9 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrarak med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Behovet i 2014 blir anslått å gå ned med 27,2 mill. kroner samanlikna med Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som vil utløyse tilskot for år 1. Dette er hovudsakleg ein følgje av at prognosen for talet på personar som får opphaldsløyve frå UDI i 2014 har gått ned.

BLD føreslår å redusere løyvinga på kap. 822, post 60 med 27,2 mill. kroner.

Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkjjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Inntektene på posten blir anslått å auke med 5,1 mill. kroner frå Prop. 93 S (2013–2014). Hovudårsaka til endringa er ein auke i prognosen for asylsøkjjarar i 2014, og med det ei auking i målgruppa for norskopplæring for asylsøkjjarar i mottak.

BLD føreslår å auke løyvinga på kap. 3822, post 01 med 5,1 mill. kroner.

Kap. 840 Krisetiltak

Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsløyving

Utgiftene til tilskot til incest- og valdtektssenter i 2014 er anslått til 76 mill. kroner, som er 1,5 mill. kroner mindre enn løyvinga. Mindrebehovet skuldast lågare utbetalingar av tilskot samanlikna med det som blei lagt til grunn ved fastsetjinga av løyvinga for 2014.

BLD føreslår å redusere kap. 840, post 61 med 1,5 mill. kroner

Kap. 841 Samliv og konfliktløyving

Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsløyving

Prognosen for bruk av eksterne meklarar og utbetaling av meklingsgodtgjersle til meklarar utanfor familievernnet er 1,4 mill. kroner lågare enn løyvinga.

BLD føreslår å redusere kap. 841, post 21 med 1,4 mill. kroner.

Kap. 844 Kontantstøtte

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftene til kontantstøtte i 2014 er anslått til 1 390 mill. kroner, som er 10 mill. kroner lågare enn løyvinga.

Talet på barn med kontantstøtte synest å bli noko høgare enn føreset i Prop. 93 S (2013–2014). Mindrebehovet kjem av lågare gjennomsnittleg utbetaling per barn.

BLD føreslår å redusere kap. 844, post 70 med 10 mill. kroner.

Kap. 845 Barnetrygd

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Utgiftene til barnetrygd i 2014 er anslått til 15 230 mill. kroner, 5 mill. kroner lågare enn løyvinga. Mindrebehovet kjem av eit lågare tal på barn det blir utbetalt stønad for enn føresett i anslaget i Prop. 93 S (2013–2014).

BLD føreslår å redusere kap. 845, post 70 med 5 mill. kroner.

Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50

BLD føreslår å setje ned løyvinga på posten med 1 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 858, post 01, jf. nærmare omtale under kap. 858, post 01. Mindreforbruk kjem av seinare oppstart av forskningsprosjekt enn planlagt.

Kap. 852 Adopsjonsstønad

Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving

Nye prognosar viser at det vil komme 145 adoptivbarn til Noreg i 2014, om lag halvparten av det anslaget som låg til grunn for løyvinga i saldert budsjett.

BLD føreslår å redusere kap. 852, post 70 med 5,9 mill. kroner.

Kap. 853 Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker

Post 01 Driftsutgifter

Det er løyvd 172,2 mill. kroner på posten. Løyvinga skal dekkje lønnsutgifter, saksutgifter som ikkje omfattast av Lov om fri rettshjelp, og diverse andre mindre utgifter. Det er eit meirbehov på 2 mill. kroner på posten som følgje av høgare utgifter til fagkunnige. Departementet føreslår å flytte 2 mill. kroner frå kap. 854, post 21 til kap. 853, post 01 for å dekkje meirbehovet, jf. nærmere omtale under kap 854, post 21.

BLD føreslår vidare å flytte 1,2 mill. kroner frå kap. 853, post 45 til kap. 853, post 01, jf. nærmere omtale under post 45.

Samla føreslår BLD å auke kap. 853, post 01 med 3,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Det er løyvd 19,1 mill. kroner på posten. Løyvinga skal gå til å kjøpe eit nytt saksbehandlingssystem. For å få på plass det nye systemet har det vore naudsynt å bruke interne personalressursar. BLD føreslår derfor å flytte 1,2 mill. kroner frå post 45 til post 01, for å dekkje vikarutgifter og andre ekstra driftskostnader i fylkesnemndene i samband med prosjektet.

BLD føreslår å redusere kap. 853, post 45 med 1,2 mill. kroner.

Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Det er løyvd 77 mill. kroner på posten. Løyvinga skal gå til ulike førebyggjande tiltak og kjøp av tenester i samband med utvikling og implementering av nye metodar i barnevernet. I budsjettet for 2014 blei det løyvd 8,5 mill. kroner på posten for å prøve ut eit program for foreldreveiledning, «Nurse Family Partnership», i Noreg. Tiltaket inngår i tiltaksplanen «En god barndom varer livet ut» og vert administrert av Bufdir. Naudsynt utgreiing og forsvarleg forankring av Nurse Family Partnership, mellom anna inngåing av lisensar, har ført til at igangsetjinga av prosjektet har tatt lengre tid enn venta. Det er derfor 7,5 mill. kroner i ubrukte midlar avsett til prosjektet inneverande år.

I tillegg er det noko mindreforbruk til utvikling av masterutdanning om barnevernleing og utgreiing av sentre for foreldre og barn. Samla er mindreforbruket 8,7 mill. kroner. BLD føreslår å omdisponere delar av midlane.

BLD føreslår at inntil 2 mill. kroner blir nytta til ein konferanse om vern av barn mot vald og seksuelle overgrep. Bufdir skal arrangere konferansen.

BLD føreslår vidare at 2 mill. kroner blir flytta til kap. 853, post 01, for å dekke eit meirbehov i Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker.

BLD føreslår i tillegg å flytte 1,2 mill. kroner frå posten til post 22 for å dekkje eit meirbehov i Barnesakkunnig kommisjon.

Samla føreslår BLD å redusere kap. 854, post 21 med 6,7 mill. kroner.

Post 22 Barnesakkunnig kommisjon

Det er løyvd 6,5 mill. kroner på posten. Løyvinga på posten går til drift av Barnesakkunnig kommisjon (BSK). Det er eit meirbehov på 1,2 mill. kroner på posten som følgje av at kommisjonsmedlemmane si godtgjersle er gjort om til lønsinntekt og dermed blir også arbeidsgjevaravgift lagt til. I tillegg er det innført ei meir nøyaktig registrering av saksbehandlingstida, som viser at denne er høgare enn tidlegare registrert. BLD føreslår å dekke inn meirutgiftene ved å flytte 1,2 mill. kroner frå post 21.

BLD føreslår å auke kap. 854, post 22 med 1,2 mill. kroner.

Post 65 Refusjon for kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktningar, overslagsløyving

Det er løyvd 665 mill. kroner på posten i inneverande år. Løyvinga på posten skal dekke refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak for einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktningar som blir busette i kommunane.

Utgiftsnivået på posten avheng av kor mange barn som blir busette, kor stor del av alle einslege, mindreårige som treng tiltak i barnevernet, og kor store utgiftene er for kvart tiltak.

Grunna ei auke i talet på einslege, mindreårige flyktningar i ordninga og ei auke i dagprisane, er behovet på posten høgare enn tidlegare føresett. På bakgrunn av nye prognosar føreslår BLD å auke løyvinga på posten med 132,4 mill. kroner.

Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet

Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01

Løyvinga på posten er 1 724 mill. kroner. Prognosar for 2014 viser at det statlege barnevernet har eit meirbehov i inneverande år på 53 mill. kroner. Meirbehovet kjem mellom anna av at etaten ikkje klarer å redusere utgiftene i same grad som føresett i den delen av etaten som har nedgang i aktiviteten.

BLD føreslår å flytte 35 mill. kroner frå kap. 856, post 01 til posten for å dekkje noko av meirbehovet. I tillegg føreslår BLD å auke posten med 18 mill. kroner, jf. meirinntekter på kap. 3855.

Samla føreslår BLD å auke kap. 855, post 22 med 53 mill. kroner.

Kap. 3855 Statleg forvaltning av barnevernet

Post 01 Diverse inntekter

I Saldert budsjett 2014 blei det anslått at inntektene på posten ville vere 13,9 mill. kroner. Prognosar for 2014 viser at det statlege barnevernet vil ha meirinntekter på 9 mill. kroner på posten.

BLD føreslår å auke kap. 3855, post 01 med 9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 855, post 22.

Post 60 Kommunale eigendelar

I Saldert budsjett 2014 blei det anslått at inntektene på posten ville vere 1 079 mill. kroner. Posten viser inntekter frå kommunale eigendelar i samband med opphald i barnevernsinstitusjonar, fosterheimar og tiltak i heimen. Nye prognosar for 2014 viser at det statlege barnevernet vil ha meirinntekter på 9 mill. kroner på posten.

BLD føreslår å auke kap. 3855, post 60 med 9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 855, post 22.

Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er 204,2 mill. kroner. Løyvinga på posten dekkjer utgifter til drift av omsorgssentera for einslege, mindreårige asylsøklarar under 15 år, eventuelt kjøp av plassar i private tiltak, og utgifter til arbeidet med å busetje einslege, mindreårige flyktningar under 15 år med vedtak om opphald. Prognosar for 2014 viser ei mindreutgift på 35 mill. kroner. Mindreutgifta skuldast at det er komen færre einslege, mindreårige asylsøklarar under 15 år enn føresett i saldert budsjett. BLD føreslår å flytte 35 mill. kroner til kap. 855, post 22 frå posten.

BLD føreslår å redusere kap. 856, post 01 med 35 mill. kroner.

Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855 post 01*

Løyvinga på posten er 234,2 mill. kroner. Det er behov for å styrke Bufdir for å sikre god forvaltning av tilskotsordningane direktoratet har ansvar for. Forvaltninga krev meir ressursar enn ein tidlegare har lagt til grunn. Dette har mellom anna samanheng med endringane som blei gjort i Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom ved behandling av Prop. 93 S (2013–2014).

BLD føreslår å auke kap. 858, post 01 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 846, post 21.

Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar

Løyvinga på posten er 53,7 mill. kroner. Posten dekkjer utbetaling til pensjonskassar der tilsette i Bufetat var medlem før staten tok over det fylkeskommunale barne- og familievernet i 2004.

Tildelinga dekkjer utgifter til ordinær reguleringspremie og eingangspremiar for tidlegpensjon. I tillegg skal det reknast arbeidsgjevaravgift av premiebeløpa. Reguleringspremiene er i hovudsak basert på utvikling i grunnbeløpet i folketrygda, og blir kravd inn etter lønns- og trygdeoppgjering. Til fråtrekk kjem bruken av avkastninga på premiefond i pensjonskassen. Reguleringspremien varierar difor kvart år. Bruken av premiefond i 2014 er 18 mill. kroner høgare enn i 2013. Dette gjer at utbetalinga til pensjonskassa vil vere lågare enn løyvinga på posten for inneverande år.

BLD føreslår å redusere kap. 858, post 22 med 17,1 mill. kroner.

Kap. 2530 Foreldrepengar*Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsløyving*

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2014 er anslått til 17 200 mill. kroner, som er 10 mill. kroner meir enn løyvinga. Dette kjem hovudsakleg av høgare vekst i foreldrepengegrunnlaget enn føreset i Prop. 93 S (2013–2014).

BLD føreslår å auke kap. 2530, post 70 med 10 mill. kroner.

Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsløyving

Utgiftene til eingongsstønad i 2014 er anslått å bli 390 mill. kroner, 5 mill. kroner mindre enn løyvinga. Dette kjem av lågare anslag på talet på fødselar i 2014 enn det som vart lagt til grunn ved fastsetjing av løyvinga.

BLD føreslår å redusere kap. 2530, post 71 med 5 mill. kroner.

Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsløyving

Utgiftene til feriepengar av foreldrepengar i 2014 er ut frå utbetalte beløp anslått til 445 mill. kroner, som er 15 mill. kroner meir enn løyvinga.

BLD føreslår å auke kap. 2530, post 72 med 15 mill. kroner.

Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsløyving

Utgiftene til foreldrepengar ved adopsjon i 2014 er anslått til 57 mill. kroner, som er 4 mill. kroner meir enn løyvinga. Dette kjem hovudsakleg av at venta nedgang i talet på familiar med foreldrepengar ved adopsjon inneverande år er redusert frå 25 til 20 prosent.

BLD føreslår å auke kap. 2530, post 73 med 4 mill. kroner.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2014 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2014 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
821		Busetjing av flyktninger og tiltak for innvandrere	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overføres</i> , blir redusert med fra kr 5 771 967 000 til kr 5 745 935 000	26 032 000
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktninger, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... fra kr 419 087 000 til kr 398 477 000	20 610 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	
	22	Prøver i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere, blir auka med..... fra kr 11 588 000 til kr 12 529 000	941 000
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere, blir redusert med..... fra kr 1 608 600 000 til kr 1 581 379 000	27 221 000
840		Krisetiltak	
	61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... fra kr 77 500 000 til kr 76 000 000	1 500 000
841		Samliv og konfliktløsning	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... fra kr 12 764 000 til kr 11 364 000	1 400 000
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... fra kr 1 400 000 000 til kr 1 390 000 000	10 000 000
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... fra kr 15 235 000 000 til kr 15 230 000 000	5 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
846		Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50</i> , blir redusert med fra kr 17 559 000 til kr 16 559 000	1 000 000
852		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med..... fra kr 12 694 000 til kr 6 794 000	5 900 000
853		Fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker	
	01	Driftsutgifter, blir auka med fra kr 172 239 000 til kr 175 445 000	3 206 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... fra kr 19 052 000 til kr 17 846 000	1 206 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med fra kr 77 033 000 til kr 70 333 000	6 700 000
	22	Barnesakkunnig kommisjon, blir auka med..... fra kr 6 475 000 til kr 7 675 000	1 200 000
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med fra kr 664 930 000 til kr 797 377 000	132 447 000
855		Statleg forvalting av barnevernet	
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i> , blir auka med fra kr 1 724 359 000 til kr 1 777 359 000	53 000 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med fra kr 204 157 000 til kr 169 157 000	35 000 000
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i> , blir auka med..... fra kr 237 906 000 til kr 238 906 000	1 000 000
	22	Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar, blir redusert med..... fra kr 53 681 000 til kr 36 545 000	17 136 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2530		Foreldrepengar	
	70	Foreldrepengar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med fra kr 17 190 000 000 til kr 17 200 000 000	10 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med fra kr 395 000 000 til kr 390 000 000	5 000 000
	72	Feriepengar av foreldrepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med fra kr 430 000 000 til kr 445 000 000	15 000 000
	73	Foreldrepengar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med fra kr 53 000 000 til kr 57 000 000	4 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	
	01	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med fra kr 146 370 000 til kr 137 925 000	8 445 000
	02	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir auka med fra kr 36 746 000 til kr 37 957 000	1 211 000
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med fra kr 124 479 000 til kr 129 599 000	5 120 000
3855		Statleg forvalting av barnevernet	
	01	Diverse inntekter, blir auka med fra kr 13 873 000 til kr 22 873 000	9 000 000
	60	Kommunale eigendelar, blir auka med fra kr 1 078 864 000 til kr 1 087 864 000	9 000 000

